

# Språkåret - Håkon VI Magnusson og frue

Eg har skrive om fleire gamle kongar i det siste. Denne teksten har Håkon VI i overskrifta, men handlar meir om kona hans – og siølvsegt om språk. Håkon Magnusson var konge på 1300-talet. Han starta karrieren sin tidleg, sidan han blei konge allereie som toåring. Men han blei ikkje regent før han fylte fjorten. I 1363 blei han gift med dottera til den danske kongen Valdemar IV Atterdag. Dottera var ikkje meir enn ti då – og ville ha gått på barneskolen i dagens samfunn.

Jenta heitte Margrete og blei seinare dronning over Noreg, Sverige og Danmark. Ho kom dermed til å bli mykje større enn alle dei norske kongane før ho. Men lille Margrete var ikkje noko koneinne for den 23 år gamle kongen enno og blei sendt til Akershus slott, der ho blant anna skulle få oppsedning og utdanning. Det er denne biten som er

spennande i samband med Språkåret. Håkon var norsk, Margrete var dansk, og lærarinna til Margrete var svensk.

Tida etter svartedauden var ei vanskeleg tid. Margrete var gravid då ein ny pest ramma Oslo, mens kongen og ekte-mannen Håkon var borte. Vi er så heldige at vi har eit brev frå 1370 som Margrete skreiv til Håkon for å fortelje kor ille det var på slottet, og for å be om hjelp. Dette brevet vitnar om ei språkleg brytningstid i Noreg med innslag frå dansk, svensk og tysk, men det vitnar også om at Margrete hadde fått relativt god oppføring i skrivning – når ein tenkjer på forholda.

Brevet startar svært høflig: «Idhvir min aldrakæraeste herra, helsar jak Margareta innerliggha med gudh». Med kjensskap til dansk og norsk og litt fantasi er dette ikkje vanskeleg å forstå for oss i dag. Det første ordet ville ha vore «yö!» på gammalnorsk,

mens forma på dansk seinare blei til «eden». Margrete brukar verken ö eller þ, som var typiske bokstavar i dei gamle nordiske språka. Her finn vi i staden dh og th for å markere desse lydane, ofte er h-en sløyfa. Kanskje var desse lydane allereie på veg ut av talespråket.

Margrete skreiv elles at «jak ok mine thænara liidhunn stora nøddh, vm mat oc dryk» - eg og tenarane mine lir stor nød, om mat og drikke. Her ser vi den austnordiske eller svenske forma «jak» i staden for den gammalnorske forma «eko». Vi ser også at Margrete prøver å skrive nokre vokalar dobbelt for å markere at desse skal vere lange. I gammalnorsk brukte ein aksent over vokalane. Elles er det naturleg for danske Margrete å skrive «møddh» i staden for «mauð» med diftong, som ville ha vore den gammalnorske forma.

Margrete ber Håkon om å skrive til Vestfal - «ok bider jak ider at j scriuin till Vestfall». Ho bruker både k og c for k-lyden, noko som kan tyde på at ho også har fått oppføring i latin, og ho vekslar mellom i og j for i-lydar. Vestfal skulle få lovnað om at han skulle få tilbakebetalt det han eventuelt ville låne ho: «oc sighin honom at j vilin honom væll bytala thæt sem han mlk borgnar». Ordet «betale» er eit typisk tysk lånord.

Brevet sluttar like høflig som det startar: «gudh vare med ider min kæere herra». I norsk fekk vi seinare «kjære», og i dag seier mange «skjære». Det gjer ikkje Haakon Magnus, heldigvis.

JENS HAUGAN

## Er Hervoldgården reddet?

13. februar kunne vi lese i HA at planene om å rive Hervoldgården og hele kvartal 54 «er lagt på is». Morgenstjernens forkjøpsrett til Hervoldgården og de øvrige eiendommene i kvartalet gikk ut ved nyttår. Dermed er Morgenstjernens stortilte plan om å rive hele kvartal 54 og fylle det med en mastodont av en byg-

at gården blir vernet – i likhet med Berghgården i Grønnegeta 34 (vis-à-vis Hervoldgården).

Det er nettopp samspillet mellom disse to gårdene fra Hamars tidlige historie som det er viktig å ta vare på. Gårdene er knyttet til Hamars første byplan, og er av høy verneverdi. Kommunen bør derfor vurdere å bidra med kulturpengar til oppgradering av

endte. Naboeiendommen

Hervoldgården, Bondeheimen i Vangsvegen 33,

ble på slutten av 1960-tallet utsatt for en grotesk «modernisering», og huset framstår i dag som et av de styggeste i Hamar. Hvis «modernisering» ikke er uopp- rettelig, bør også dette huset

## Bygg landet, ikke gi det bort

Norge har 4000 milliarder kroner spart i utlandet, hvor blant annet Danmark får låne penger til 1 prosent rente. Samtidig vil Høyre og AP låne penger fra utlandet til utbygging av vei og jernbane i Norge – til en rente som er 2,5 eller mer prosent. Dermed låner ut egne penger billig, og låner inn andres penger dyrt. De utlandet. Samtidig sparer Oljefondet hele sin kapital i utlandet. Både Kommunalbanken og Oljefondet er 100 prosent statlig eiet. Dermed sitter staten og låner penger ut med en hånd, og låner penger hjem med den andre. Pressetfekten i norsk økonomi blir altså vendret om man bruker oljefondets